

STRANDA KOMMUNE

SAKSPAPIR

SAKSGANG

Styre, råd, utval	Møte dato	Saknr
FORMANNSKAPET	17.11.2021	120/21
HELSE, OPPVEKST OG KULTURUTVALET	16.11.2021	061/21
UTVAL FOR MILJØ OG KOMMUNALTEKNIKK	22.11.2021	052/21
FORMANNSKAPET	29.11.2021	126/21
KOMMUNESTYRET		

Saksansvarleg: Rådmann Åse Elin Hole		
Saksbehandlar: Andrea Fivelstad	Arkiv: K1 - 150	Arkivsaknr 21/357

Stranda kommune - Budsjett 2022/Økonomiplan 2023 - 2025

Rådmannen si tilråding:

1. Budsjettvedtak:

Bevilgningsoversikt drift del A – 2022 og økonomiplanperiode 2023-2025.

Bevilgningsoversikt drift del B – fordeling av netto rammer 2022 og økonomiplanperioden 2023 - 2025

Bevilgningsoversikt investering del A – investeringsbudsjett 2022/økonomiplan 2023-2025.

Bevilgningsoversikt Investering del B – investeringsbudsjett per prosjekt 2022/økonomiplan 2023-2025.

2. Eieendomsskatt:

Det vert skrive ut eieendomsskatt i 2022 etter eieendomsskattelova §3a på faste eieedomar i heile kommunen.

- Eieendomsskatten skal vere NOK 4 for kvar 1000 av eieendomsskattetaksten for hus og hytte eieedommar (4 promille)
- Eieendomsskatten skal vere NOK 6 for kvar 1000 av eieendomsskattetaksten for øvrige eieedomar det vert skrive ut eieendomsskatt på i Stranda kommune. (6 promille).

3. Stranda kommune tar opp eit investeringslån stort NOK . 37 089 600- for å finansiere kommunen sine investeringar i 2022.

4. Stranda kommunestyre godkjenner opptak av lån i Husbanken stort NOK 5 mill til formidlingslån.

5. Godtgjersle til ordføraren vert sett til 9,0 G.

16.11.2021 HELSE, OPPVEKST OG KULTURUTVALET

Framlegg under møtet

Framlegg frå Jostein Hole:

Endring i punkt 1:

Omgjering av sjukeheim på Hellesylt og nedlegging av legekantoret på Hellesylt vert ikkje gjort vedtak om no. Endeleg vedtak etter at dimensjonering i omsorgstenestene er på plass.

Framlegget fekk 2 røyster

Framlegg frå Jostein Dalen

HOK ber formannskapet om å sette av ressursar til det vidare arbeidet med å få ned sjukefråværet i pleie og omsorgssektoren i kommunen.

Samrøystes

Framlegg frå Roger Horremsbakk

Punkt 2 utgår fra budsjettet

Framlegget fekk 1 røyst

Møtebehandling

Habiliteten til Josten Hole vart vurdert. Han vart erklært habil.

Kristine Skarbø fråverande i sak 061/21

Tilråding til formannskapet

HOK- 061/21 Vedtak:

1. Budsjettvedtak:

Bevilgningsoversikt drift del A – 2022 og økonomiplanperiode 2023-2025.

Bevilgningsoversikt drift del B – fordeling av netto rammer 2022 og økonomiplanperioden 2023 - 2025

Bevilgningsoversikt investering del A – investeringsbudsjett 2022/økonomiplan 2023-2025.

Bevilgningsoversikt Investering del B – investeringsbudsjett per prosjekt 2022/økonomiplan 2023-2025.

Pkt. 1: Tilråding til formannskapet med 4 mot 2 røyster.

2. Eigedomsskatt:

Det vert skrive ut eigedomsskatt i 2022 etter eigedomsskattelova §3a på faste eigedomar i heile kommunen.

- Eigedomsskatten skal vere NOK 4 for kvar 1000 av eigedomsskattetaksten for hus og hytte eigedommar (4 promille)
- Eigedomsskatten skal vere NOK 6 for kvar 1000 av eigedomsskattetaksten for øvrige eigedomar det vert skrive ut eigedomsskatt på i Stranda kommune. (6 promille).

Pkt. 2: Tilråding til formannskapet med 5 mot 1 røyst.

3. Stranda kommune tar opp eit investeringslån stort NOK . 37 089 600- for å finansiere kommunen sine investeringar i 2022.

Pkt. 3 Tilråding til formannskapet samrøystes.

4. Stranda kommunestyre godkjenner opptak av lån i Husbanken stort NOK 5 mill til formidlingslån.

Pkt. 4: Tilråding til formannskapet samrøystes.

5. Godtgjersle til ordføraren vert sett til 9,0 G.

Pkt. 5: Tilråding til formannskapet samrøystes.

6. HOK ber formannskapet om å sette av ressursar til det vidare arbeidet med å få ned sjukefråværet i pleie og omsorgssektoren i kommunen.

Pkt. 6: Tilråding til formannskapet samrøystes.

17.11.2021 FORMANNSKAPET

Møtebehandling

Orientering ved rådmann Åse Elin Hole, økonomisjef Andrea Fivelstad, kommunalsjef oppvekst Tone Lillebø, kommunalsjef helse og omsorg Jane Solheimsnes, kommunalsjef plan og utvikling Einar Lied.

Saka drøfta

FOR- 120/21 Vedtak:

22.11.2021 UTVAL FOR MILJØ OG KOMMUNALTEKNIKK

Møtebehandling

Vedtak samrøystes

MK- 052/21 Vedtak:

Saka tatt til orientering.

29.11.2021 FORMANNSKAPET

Møtebehandling

Tilråding til kommunestyret samrøystes

FOR- 126/21 Vedtak:

1. Budsjettvedtak:

Bevilgningsoversikt drift del A – 2022 og økonomiplanperiode 2023-2025.

Bevilgningsoversikt drift del B – fordeling av netto rammer 2022 og økonomiplanperioden 2023 - 2025

Bevilgningsoversikt investering del A – investeringsbudsjett 2022/økonomiplan 2023-2025.

Bevilgningsoversikt Investering del B – investeringsbudsjett per prosjekt 2022/økonomiplan 2023-2025.

2. Eigedomsskatt:

Det vert skrive ut eigedomsskatt i 2022 etter eigedomsskattelova §3a på faste eigedomar i heile kommunen.

- Eigedomsskatten skal vere NOK 4 for kvar 1000 av eigedomsskattetaksten for hus og hytte eigedommar (4 promille)
- Eigedomsskatten skal vere NOK 6 for kvar 1000 av eigedomsskattetaksten for øvrige eigedomar det vert skrive ut eigedomsskatt på i Stranda kommune. (6 promille).

3. Stranda kommune tar opp eit investeringslån stort NOK . 37 089 600- for å finansiere kommunen sine investeringar i 2022.
4. Stranda kommunestyre godkjenner opptak av lån i Husbanken stort NOK 5 mill til formidlingslån.
5. Godtgjersle til ordføraren vert sett til 9,0 G.

SAKSUTGREIING

Bakgrunn for saka

Kommunelova §45 seier i punkt 1 at «kommunestyret og fylkestinget skal innen årets utgang vedta budsjett for det kommende kalenderår». Vidare seier kommunelova i punkt 3 i same paragrafen at «vedtaket treffes på grunnlag av innstilling fra formannskapet eller fylkesutvalget». Vidare seier kommunelova §44 i punkt 12 at «kommunestyret og fylkestinget skal en gang i året vedta en rullerende økonomiplan». §44 seier vidare i punkt 6 at «vedtaket treffes på grunnlag av innstilling frå formannskapet eller fylkesutvalget».

I Stranda kommune er praksis i budsjettprosessen at rådmannen utarbeider eit framlegg til budsjett for komande år og økonomiplan for komande fireårsperiode. Budsjett og økonomiplan vert lagt fram og presentert for formannskapet. Rådmannen sitt framlegg er eit grunnlagsdokument som etter presentasjon for formannskapet er formannskapet sin «eigedom». Formannskapet skal i år arbeide med budsjettet på sine møter den 2. og 16. november og 30. november. Etter møtet den 30. november skal formannskapet legge fram si innstilling til budsjett for 2021 og økonomiplan for planperioden 2021-2024 for kommunestyret. Innstillinga skal liggje ute til offentleg ettersyn i minimum 14 dagar før handsaming i kommunestyret. Kommunestyret handsamar i år budsjett for 2021 og økonomiplan for 2021-2024 på sitt møte den 16. desember.

Eigedomsskattelova §2 seier at «kommunestyret avgjer om det skal skrivast ut eigedomsskatt i kommunen». Vidare seier eigedomsskattelova §10 at «kommunestyret fastset kvart år i samband med budsjettet kva satsar og reglar som skal nyttast ved utskrivning av eigedomsskatt for det komande skatteåret». Dette betyr at kommunestyret i samband med vedtaket av budsjettet for 2021 må gjere vedtak om utskrivning av eigedomsskatt i Stranda kommune for komande år, kva eigedomar det skal skrivast ut eigedomsskatt på etter eigedomsskattelova §3 og skattesats etter eigedomsskattelova §11. Det var for 2020 endringar i eigedomsskattelova. Det vert for 2021 endringar når det gjeld dei satsar ein kan skrive ut eigedomsskatt etter. Frå 01.01.2021 vil maksimal eigedomsskattesats vere 7 promille. Med virkning frå skatteåret 2021 vil det likevel kun vere anledning til å skrive ut eigedomsskatt for hus og hytter med 4 promille.

Saksopplysningar

Rådmannen sitt framlegg til budsjett 2022 og økonomiplan for perioden 2023-2025 følgjer saksapiret som eige vedlegg. Det same gjer oversikt over innspel / søknader som er komne inn, samt hvilken sum desse er lagt inn med i budsjettet.

Det har vore ein svært krevjande prosess å få balanse i budsjett for 2022. Første presentasjon for formannskapet viste eit meirforbruk på over 30 millionar kroner. Administrasjon legg no fram eit budsjett i balanse. Prosessen med å få balanse og hvilke forutsetninger rådmann har lagt til grunn vil ein orientere nærare om i formannskapsmøte 17. november. Oversikt over tiltaka er lagt ved.

Når det gjeld investering har ein gjennomført ei kartlegging av investeringsbehovet i Stranda kommune. Rådmann har med utgangspunkt i kartlegging prioritert hvilke prosjekt ein bør prioritere i 2022 og vidare i økonomiplanperioden

Vurdering

Med dei forutsetningar som ligg til grunn vurderer rådmann det slik at formannskapet kan gjere vedtak i samsvar med innstilling.

Vedlegg:

Dok.dato:	Vedlegg:	Dok.ID
16.11.2021	Rådmannen sitt framlegg til budsjett 2022/Økonomiplan 2023 - 2025	315732
12.11.2021	Tiltaksliste rådmannen sitt framlegg til budsjett 2022 - formannskapet 17.11.21	315337
16.11.2021	Uttale frå Råd for menneske med nedsett funksjonsevne - Budsjett 2022/Økonomiplan 2022 - 2025	315726
16.11.2021	Uttale frå Eldrerådet - Budsjett 2022/Økonomiplan 2022 - 2025	315727
16.11.2021	Uttale frå ungdomsrådet - Stranda kommune - Budsjett 2022/Økonomiplan 2022 - 2025	315752
17.11.2021	Stranda FrP - Alternativt kommunebudsjett 2022	315875
15.11.2021	Indremisjonsforbundet - Søknad om stønad - Sjøholt Folkehøgskole	315401

Aktuelle lover, forskrifter, avtaler m.m.

Kommunelova